

**SAKSGANG**

<b>Utvalg</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saknr</b>
Eidfjord formannskap	30.05.2016	16/066
Eidfjord kommunestyre	27.06.2016	16/053

**Revidert planframlegg for kommunedelplan for Sysendalen****Andre dokumenter i saken:**

Statens vegvesen bed om drøftingsmøte, kommunedelplan for Sysendalen

Plankart

Retta føresegner

Retta planomtale og føresegener

Fråsegn til kommunedelplan for Sysendalen

Kortversjonen av Eidfjord Resort sin markedsanalyse

Samordna uttale med motsegn - offentlig ettersyn - kommunedelplan for Sysendalen

Endringar i framlegg til kommunedelplan for Sysendalen som grunnlag for uttale

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §11-15 vert kommunedelplan for Sysendalen med planomtale, føresegner og plankart, alle datert 27.05.16 vedteke.

**30.05.2016 - Eidfjord formannskap**

Gunnval Medhus stilte spørsmål om sin habilitet.

Samrøystes som habil.

Aslak Læg Reid hadde forfall, Ole Johnny Odland møtte.

**Røysting**

Samrøystes tilrådd.

**FSK - 16/066 - Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §11-15 vert kommunedelplan for Sysendalen med

planomtale, føresegner og plankart, alle datert 27.05.16 vedteke.

#### 27.06.2016 - Eidfjord kommunestyre

Framlegg til vedtak frå ESP:

1. Med unntak av eit område aust for Drøllstølsbekken (markert kvit på kart 27.06.2016), vert kommunedelplan for Sysendalen med planomtale og føresegner, baa datert 27.05.2016 vedteke, jfr. pbl. § 11-15.

2. Fylkesmannen har motsegn mot området aust for Drøllstølsbekken. Dette området kan kommunestyret ikkje eigengodkjenna, jfr. pbl. § 11-16. Denne delen av planen vert sendt via Fylkesmannen til Kommunal- og moderniseringsdepartemenet til endeleg avgjerd, jfr. pbl. § 11-16.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

#### KST - 16/053 - Vedtak:

1. Med unntak av eit område aust for Drøllstølsbekken (markert kvit på kart 27.06.2016), vert kommunedelplan for Sysendalen med planomtale og føresegner, baa datert 27.05.2016 vedteke, jfr. pbl. § 11-15.

2. Fylkesmannen har motsegn mot området aust for Drøllstølsbekken. Dette området kan kommunestyret ikkje eigengodkjenna, jfr. pbl. § 11-16. Denne delen av planen vert sendt via Fylkesmannen til Kommunal- og moderniseringsdepartemenet til endeleg avgjerd, jfr. pbl. § 11-16.

#### **Desse har uttalt seg i saka:**

Planforslag har vore lagt ut på offentleg ettersyn

#### **Særutskrift skal sendast til:**

#### **Endeleg avgjerd i:**

Kommunestyret

#### **Saka gjeld:**

Fylkesmannen hadde motsegn til planframlegget. Fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune hadde og innstilt på motsegn, men etter synfaringar, dialogmøte og brev vart det ikkje fremja motsegn frå KIRU. I brevet, datert 22.04.16, vart endringar som skal leggjast til grunn i planframlegget skissert.

Hovudendringane i planforslaget er;

- Betydeleg reduksjon av område regulert til idrettsanlegg ovanfor grensa for

villreinens leveområde

- Ingen bygningar på toppunktet til heisen til Kistenuten
- Gondolbanen erstattast med stolheis
- Toppunktet på trekket mot Rundehaugen trekkjast ned til under grensa for villreinens leveområde

Dette har vore sentrale punkt i Fylkesmannen sine merknader og motsegn. Rådmann meiner det med det reviderte planforslaget er gjort endringar som gir grunnlag for å fråfalla motsegn til planforslaget.

**Økonomiske konsekvensar:**

Initiativtakar meiner planforslaget slik det no er utforma framleis er eit prosjekt som har betydeleg positivt potensiale for utvikling av område og næringslivet.

**Juridiske konsekvensar:**

Endringane i planforslaget er drøfta med initiativtakarane. Alle partar med direkte interesser har fått informasjon.

**Miljømessige konsekvensar:**

Tiltak som er gjort i planendringa medfører at inngrep er betydeleg redusert og Eidfjord Resort sine planar bør kunna realiserast utan avgjerande negative konsekvensar for naturmiljøet.

**Personalmessige konsekvensar:**

Plan med Eidfjord Resort inneber auke i besøkjande i Sysendalen.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Planen sikrar hovudtraseane for skiløyper og forbetrar eksisterande løysingar. Eidfjord Resort sine planar medfører eit breiare alpintilbod i Sysendalen.

Aud Opheim Lygre  
rådmann

sakshandsamar